

Søk etter "ymse"

Det er mogleg å bruke søkjefunksjonen i kommunen sitt datasystem, på www.fjell.kommune.no, for å finne ymsepostane for ein komité:

Politikk – "søk etter **saker**" – tittel: "ymse" – velje: "saksår" (t.d. 2011).

- Du har ikkje høve til å avgrense søket med å velje komité.
- Du bør avgrense søket med å velje eit *saksår*. Elles vil alle sakene til alle komiteane vert synlege, og sidan dei eldste sakene kjem fyrst – der det ikkje er dokument tilgjengeleg – vert det uoversiktleg søk om du ikkje vel årstal.
- Resultat av søk – samlesak for kvar komité med alle ymsepostane gjennom 1 år.
- Klikk deg inn på saka for ein møtedato og vel pdf-dokumentet som heiter "protokoll". Her ligg alle spørsmåla og ev svar frå ymseposten i det aktuell møtet.
- NB: nokre av komiteane har samlesaker for "ymse" som går over fleire år.

For kommunestyret må du bruke tittelen "spørjetimen" i staden for "ymse". Her vert alle samlesakene synlege på ei side, så du treng ikkje avgrense søket med å velje saksår.

Ein *alternativ søkjemetode* for å søkje opp ymsepostar for komitear er følgjande:

"Søk etter **politiske saker**" – tittel: "ymse" – vel utval: "komité for drift".

- Her har du avgrensa søket med å velje komité
- Du må òg avgrense søket *i tid* med kalenderen – trykk på den veka / vekene du ynskjer å søkje for.
- Kwart einskilt ymsedokument kjem opp, og det vert lett uoversiktleg om du ikkje avgrensar søket i tid.
- Til orientering så er det sjølve saka "ymse" som vert synleg som ikon, og her ligg det ingen informasjon. Du må trykke deg inn på lenkja "Ymse" og velje "protokoll"-ikonet for å finne spørsmål og ev svar under ymse i det aktuelle møtet.

Den same framgangsmåten kan brukast ved søk etter politiske saker i kommunestyret, men då må "spørjetimen" veljast som tittel.

Eit *tredje alternativ* er å søkje etter utvalet:

"Søk etter **politiske møte**" – vel periode med kalenderen – vel utval: "komité for drift".

- Her kjem du inn på komiteen sitt møte og protokollen frå ymseposten

Om de likevel ikkje finn eit dokument som de leitar etter så ta kontakt med servicetorget!